

# Saksframlegg

Kvinnherad kommune

**Saksmappe Saksbehandlar**

2010/3102-4 Eva Sundal

Saksgang		
Saksnr	Utval	Møtedato
	Forvaltningskomiteen	

## Behandling dispensasjon - 166/8 - tilbygg til hytte - Varaldsøy - Birger Brynjulfsen

### Innstilling frå rådmannen:

Kvinnherad kommune gjev dispensasjon frå arealføremål LNF i gjeldande kommunedelplan samt Plan og bygningslova (pbl) § 1-8, forbod mot tiltak langs sjø og vassdrag. Dispensasjonen er heimla i pbl § 19-2. Omsyna bak planen vert ikkje vesentleg tilsidesett, og ulempene ved dispensasjonen er mindre enn føremonene. Det kan difor gjevast løyve til tilbygg på hytte etter pbl §20-2.


### Saksutgreiing

**Søklar:** Birger Brynjulfsen v/Jan Olav Brynjulfsen, Skottesalen 10, 5011 Bergen


**Søknad dagsett:** 15.09.2010

### Om søknaden og eigedommen:


Det er søkt om oppføring av eit 10m<sup>2</sup> stort tilbygg på eksisterande hytte på gnr/bnr 166/8, Varaldsøy. Tilbygget skal brukast som uisolert uthus og det blir ingen dør mellom hytta og tilbygget. Det eksisterande uthuset på eigedomen skal rivast grunna at det er upraktisk, tungvint plassert og i dårleg forfatning. Parsellen vert nytta til fritidsføremål, er 9 mål stor og ligg på eit nes like aust for Åkresvågen på Varaldsøy.



Figur 1 Situasjonsplan



Figur 2 Teikning



Figur 3 Kommuneplankart



Figur 4 Flyfoto

### Arealstatus og strandsone

Arealet er LNF i gjeldende kommunedelplan for Varaldsøy og vidare kommuneplanlagt til LNF område.

Parsellen ligg innanfor 100-metersbeltet langs sjø og tiltaket treng difor dispensasjon frå pbl. Det er relativt store landskaps- og floraverdiar i Åkreli på Varaldsøy men denne eigedomen ligg utanfor dette området.

### Nabovarsel

Aktuelle naboar er varsla og det føreligg ingen merknader.

### Uttale frå statlege/regionale myndigheiter

Saka har vore sendt på høyring til følgjande:

Hordaland fylkeskommune, kommunesamarbeid.

- Ikkje motteke uttale
- Vedtak vert oversendt til klagehandsaming

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvernavdelinga og landbruksavdelinga:

- Ikkje motteke uttale
- Vedtak vert oversendt til klagehandsaming

### Aktuelle lovheimlar.

Det omsøkte tiltaket krev dispensasjon etter pbl. § 19.

Pbl § 19-2 seier at: "Dispensasjon kan ikkje gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikkje dispenseres fra saksbehandlingsregler."

Pbl. § 1-8. Forbud mot tiltak mv. langs sjø og vassdrag: "I 100-metersbeltet langs sjøen og langs vassdrag skal det tas særlig hensyn til natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap og andre allmenne interesser".

### Vurdering og konklusjon

Tiltaket vil i seg sjølv etter rådmannen si meining ikkje ha ytterlegare negative konsekvensar for dei verdiane pbl § 1-8 skal ivareta ettersom tilbygget er lite. Bygningsmassen på eigedomen vert heller ikkje utvida sidan eksisterande uthus skal fjernast. Tiltaket vil ikkje føra til ytterlegare privatisering av området.

Rådmannen tilrår at det kan gjevast dispensasjon og løyve til tilbygg på hytte.

### Vedlegg:

Søknad

